



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref
2020/75194-4

Vår ref
15/1238-168

Dato
26. november 2020

Vurdering av om endring av ferjesamband til Austevoll kommune vil omfattast av ferjeavløysingsordninga

Samferdselsdepartementet viser til brev frå Vestland fylkeskommune av 10. november i år, med spørsmål om omlegging av eksisterande ferjesamband (flytting av ferjekaiar) vil koma inn under den fylkeskommunale ferjeavløysingsordninga.

I retningslinene for ferjeavløysingsordninga (<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/retningslinjer-for-alternativ-bruk-av-ferjetilskot-for-fylkesvegferjer/id2500238/>), punkt 3.1 heiter det:

Ordninga gjeld for fylkeskommunale ferjesamband som blir avløyst eller korta inn av ei bru eller ein undersjøisk tunnel som tilhøyrande vegnett. Ordninga gjeld berre for fylkeskommunale vegprosjekt.

Den aktuelle saka gjeld ikkje eit ferjesamband som vert avløyst eller korta inn av ei fylkeskommunal bru eller ein fylkeskommunal undersjøisk tunnel, og er derfor ikkje omfatta av ferjeavløysingsordninga. Derimot gjeld saka flytting og samlokalisering av ferjekaiar, som ein del av omlegging av transportsystemet i området. Tilsvarande spørsmål har vore oppe tidlegare. I brev til Hordaland fylkeskommune av 18. oktober 2018 (vedlagt) skriv departementet mellom anna:

Omlegging eller flytting av ferjekaiar har ikkje vore omfatta av ordninga. Kravet er at nokon skal få avløysing frå ferje.

Og vidare:

Postadresse
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.sd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 904

Avdeling
Veg-, by- og
trafikkisikkerhetsavdelinga

Saksbehandlar
Dag Namtvedt
22 24 82 49

Den aktuelle saka dreier seg om flytting av ferjekaiar, som ein del av ei større omlegging av transportsystemet i regionen. Etter departementet si vurdering fell denne omlegginga utanfor ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer.

Samferdselsdepartementet kan i lys av ovannemnte ikkje sjå at dei aktuelle tiltaka fell inn under den fylkeskommunale ferjeavløysingsordninga.

Med helsing

Hans Einar Nerhus (e.f.)
avdelingsdirektør

Dag Namtvedt
underdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Vedlegg

Kopi

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Statens vegvesen